

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 14.12.2017

Møtetid: kl. 20:00

Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg, Marit Jøssang.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Andreas Westermoen.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 09.11.17 vart godkjent.

Meldingssaker:

- Ny kyrkje:** Det vart gjort vedtak i kommunestyret 13.12. om kyrkjebygging på Frekhaug på budsjett og økonomiplan. Kulturdelene med biblioteket vart teken ut av prosjektet og lagt til den nye ungdomsskulen. Soknerådet hadde ein samttale om vedtaket, og korleis soknerådet i vidare arbeid skal arbeide med informasjon med meir.

Sak 023/17 Møteplan sokneråd og AU våren 2018

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Framlegg til vedtak i møtet

AU	Soknerådet	Merknad	Stad
	04.01 kl. 20.00	Ekstramøte for innspel til utlysingstekst soknepreststilling	Møteplassen
03.01	25.01		Møteplassen
31.01	22.02	Frist årsmelding og årsrekneskap 1. mars	Møteplassen
	17.03	Strategidag for stab, sokneråd og kyrkjeutval	
01.03	05.04		
	22.04	Årsmøte	
08.06	31.05	Møteplan og gudstenestoplan Alternativ 14.06.	

Vedtak:

Framlegg til møteplan i møtet vart samrøysta vedteken

Sak 024/17 Høyring - forslag til ny lov om trus-og livssynssamfunn

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Forslag til vedtak:

Framlegg til høyringsvar vert vedteke som det ligg føre. Følgjande spørsmål skal merkast som viktige:
19,23 og 24.

Møtebehandling:

Det vart røysta over punkt 5. «Det bør vere eit lågare minstetal, for eksempel 25» vart vedteke mot ei røyst.
Alle dei andre endringane i høyringssvaret vart gjort samrøysta

Vedtak:

Framlegg til høyringsvar vert vedteke med endringane som vart gjort i møtet. Følgjande spørsmål skal merkast som viktige:
19,23,24 og 25.

Endra høyringssvar følgjer nedanfor:

Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 6, 8, 18 og §. *Enig*
2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene, jf. kap. 7 og § 1. *Enig*
3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn", jf. kap. 7 og § 1. *Enig*
4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves, jf. kap. 18 og §§ 2 og 3. *Uenig, tilhøyret er viktig med tanke på informasjon om trusopplæringsarbeidet frå dår og seinare tiltak.*

Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år, jf. kap. 7 og § 3. *Uenig.*

Det bør vere eit lågare minstetal, for eksempel 25.

6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap, jf. kap. 7 og § 3.

Enig, viss § 5 blir endra til eit mindre minstetal.

7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlige tilfeller, jf. kap. 7 og § 3. *Enig*

8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselsrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.

Enig, viss det framleis skal vere vigselsrett i trussamfunna.

Det bør vurderast å gjøre vigselsretten til eit reint offentleg ansvar.

11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke, jf. kap. 14 og § 4.

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Enig

12. Tilskudd til investeringer i Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig

13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig

14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig

Den norske kirke

18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkelig rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven, jf. kap. 8 og §§ 8 – 16.

Enig

19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse, jf. kap. 8 og §§ 10 og 11. *Uenig*.

Vi er samd i at kyrkjemøtet skal «fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse». Men soknet sine oppgåver må også fastsettast i lovs form, jf dagens kyrkjelov §9, slik at det blir balanse mellom Kyrkjemøtet og sokna fra starten av den nye kyrkjeordninga.

Vi meiner ordninga med å ha kyrkjelege val i tilknytning til kommune- og fylkestingsvalg, og nær deiras vallokale, bør avsluttast Grunngjevinva er dels prinsipiell, ut frå likebehandling med andre trus- og livssynssamfunn, og dels teologisk. Kyrkja er ifølgje lutherske vedkjenningsskrifter forsamlinga som kjem saman til gudsteneste. Dette taler for å gjennomføre vala primært i tilknytning til gudstenester. Der det er mange kyrkjer i sognet, kan valet gjennomførast ein annan søndag. I tillegg kan ordninga med førehandsrøysting vidareføres.

Subsidiært bør kyrkjemøtet få retten til å avgjere at/om dagens ordning vert vidareført. Dette bør gjerast av omsyn til DNK sin rett som trussamfunn til å avgjere dette som ei intern sak.

20. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om kirkebygg, jf. kap. 8 og § 13.

Enig

21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentleglova og arkivlova skal gjelde for kirken, jf. kap. 8 og § 16.

Enig

22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent, jf. kap. 10 og § 12.

Enig

23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres, jf. kap. 8 og § 9.

Enig

24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at

a) dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre. *Uenig*.

eller mener du at

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

b) staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke,jf. kap. 9 og § 12 (alternativer)?

Enig.

Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.

Uenig. Bør vurderast avskaffen fordi det pressar kyrkjessamfunna til å endre praksis etter den rådande mening om samlivssformer Det skapar for mykje indre splid i kyrkjessamfunna. Ein kombinasjon av offentleg vigsel og forbønnshandling i ei kyrkje er vanleg i mange land og også fullt mogleg i Norge, sjølv om det ikkje er tradisjon for det.

26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

Enig. I praksis fungerar det godt i all hovudsak. Så lenge det fungerar godt, kan det halde fram slik. Prinsipielt er dette likevel ikkje eit område for eit kyrkjessamfunn.

27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

Uenig. I tilfelle vurdering av overføring må også gravferdsforvaltinga få uttale seg.

Sak 025/17 Fullmakter til kyrkjeleg fellesnemnd

Forslag til vedtak:

Meland sokneråd gir med dette kyrkjeleg fellesnemnd fullmakta i innstillinga frå kyrkjeleg fellesnemnd sitt møte 28.11.17.

Møtebehandling:

Vedtak:

Meland sokneråd gir med dette kyrkjeleg fellesnemnd fullmakta i innstillinga frå kyrkjeleg fellesnemnd sitt møte 28.11.17.

Samrøysta vedtak.

Redaksjonelt innspel til fullmaktsteksten (utan innverknad på vedtaket).

«Fellesnemnd» bør konsekvent endrast til «kyrkjeleg fellesnemnd» i teksten.

Sak 026/17 Budsjett 2018

Forslag til vedtak:

Framlegg til driftsbudsjett vert vedteke som det ligg føre. Soknerådet må gjere konkrete tiltak i 2018 for å kunne halde fram med husgruppekoordinatorstillinga og få den finansiert med gjevarteneste. Det må gjerast ei nøyne vurdering av omdisponering av lønnsmidlar på fast basis.

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebehandling:

Vedtak:

Framlegg til driftsbudsjett vert vedteke med denne endringa: Det blir trukke ut kr 150 000 av lønnskostnadane i 2018, tilsvarende 20% stilling, fordi tilsvarende sum av tilskotet frå kommunen ikkje vert med vidare til 2019. Soknerådet må gjere konkrete tiltak i 2018 for å kunne halde fram med husgruppekoordinatorstillinga og få den finansiert med gjevarteneste. Auka lønn for kyrkjeverja må leggast inn i budsjettet.

Samrøysta vedtak.

Sak 027/17 Utviding Meland kyrkjegard - val av område

Forslag til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til at alternativ A med oppgradert tilkomstveg vert vals om lokalisering for vidare utviding av Meland kyrkjegard.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet sluttar seg til at alternativ A med oppgradert tilkomstveg vert valt som lokalisering for vidare utviding av Meland kyrkjegard.

Samrøysta vedtak.

Sak 028/17 Val av leiar og nestleiar for 2018

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Regine Sagstad Berg og Ingunn Reigstad stilte på nytt som kandidatar til leiar- og nestleiarvervet

Vedtak:

Regine Sagstad Berg vart samrøysta valt som leiar for Meland sokneråd i 2018. Ingunn Reigstad var samrøysta valt som nestleiar for Meland sokneråd i 2018.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Kyrkjeverje